

Notat

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 02.10.2008
Frå: Administrerende direktør Herlof Nilssen
Sakshandsamar: Gjertrud Jacobsen
Saka gjeld: **Nevrokirurgi i Helse Vest - statusrapport**

Styresak 082/08 O

Styremøte 17.10. 2008

Administrerende direktør si orientering pkt 7

I føretaksmøte 7. mars 2008 for Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF blei det vedteke korleis nevrokirurgisk verksemd skal organiserast i Helse Vest. Jf. pkt. 15 i protokollen frå dette møtet skal Helse Bergen rapportere skriftleg til Helse Vest RHF kvar 14. dag vedrørende følgjande:

- Vaktdekning i Stavanger
- Risikovurdering med tiltak som er gjort knytt til vaktdekning i Helse Stavanger
- Gjennomføring av konsultasjonsverksemd i Stavanger
- Gjennomføring av fast faglege møtetidspunkt mellom Helse Bergen og Helse Stavanger
- Gjennomføring av rotasjonsordningar

Det blei og vedteke at styra i Helse Stavanger og Helse Bergen skal orienterast om status for dette arbeidet i kvart styremøte.

Helse Bergen HF rapporterer skriftleg til Helse Vest RHF kvar 14. dag og dette blir fulgt opp med telefonmøte.

Rapporten som blir lagt fram for styret i Helse Vest RHF blir og sendt til Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF som orientering til styra i føretaka.

Status pr. 02. oktober 2008:

- Vaktdekning i Stavanger
 - Rapportane frå Helse Bergen syner at det er sikra vaktdekning fram til og med 28. desember 2008.
- Risikovurdering med tiltak som er gjort knytt til vaktdekning i Helse Stavanger
 - Helse Bergen rapporterer at vaktdekninga er god, men at det ikkje er reservekapasitet. Det blir derfor arbeidd på fleire hald for å redusera risikoen for svikt i vaktdekkinga. Bemanninga i Bergen er styrkt med ein overlege og ein arbeider med ytterlegare tilsettingar.
- Gjennomføring av konsultasjonsverksemd i Stavanger
 - Dette arbeidet er ikkje satt i gang. Helse Bergen har satt i gang førebuande arbeid for å styrke tilbodet innan barnenevrokirurgi i Bergen mellom anna med utarbeiding av nye interne retningslinjer for samarbeid. Vidare drøftar nevrokirurg i Stavanger enkelt saker med kollega i Bergen 2 gonger pr. månad.

- Gjennomføring av fast faglege møtetidspunkt mellom Helse Bergen og Helse Stavanger
 - Helse Bergen planla å sette i gang faste kliniske konferansar frå og med mai 2008, men dette blei utsett fordi teleradiologiprojektet var forsinka. Teleradiologi er ein viktig føresetnad for faste kliniske konferansar og det tekniske i høve til dette er no på plass. Ein tar sikte på i første omgang å drøfte operasjonsprogram.
 - Vidare blei det gjennomført eit fagleg seminar i Haugesund i juni 2008 der begge avdelingane deltok og der ein fekk gode evalueringresultat frå deltakarane frå begge avdelingane. Ein tar sikte på å få til eit nytt seminar våren 2009.
- Gjennomføring av rotasjonsordningar
 - Helse Bergen hadde satt i gang ein prosess for å organisere dette i samarbeid med Helse Stavanger. Avdelingssjukepleiar har slutta i Stavanger og ein har ikkje lykkast med å tilsette ny. I tillegg har to sjukepleiarar sagt opp stillinga si i Stavanger. Det er derfor vanskeleg å få i gang dette arbeidet før ein har fått på plass betre bemanning på sjukepleiarsida i Stavanger.

Helse Bergen HF har til no følgd opp dei rapporteringsrutinane som er vedtekne og desse syner at det er sikra god vaktdekning i Stavanger ut 2008. Vidare arbeider ein med å sikre ei nærare fagleg integrering av dei to avdelingane. Dette arbeide går nok seinare enn ønskeleg mellom anna pga. behov for rekruttering av personell.

Ein vil halde fram med rapportering kvar 14. dag og styret i Helse Vest RHF vil bli orientert om status i neste styremøte.